



Bygdabladet

for BOKN

Julemarknad – s. 7



Poteter – s. 4



Vernepris – s. 5



Streetdance – s. 12

Bygdabladet



www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 350,- pr. år, 500,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

Redaktør: Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

Medarbeidarar: Elisabet Taraldlien og Annette Bokneberg

Bygdabladnemnd

Johannes Nilsen
Ellen Nedrebo
Lars Norekvål

Gjeldande annonseprisar

Heilside kr. 625,-
Halvside kr. 375,-
Kvartsidde kr. 188,-
1/8 side kr. 125,-
Privatann. kr. 62,-
Fastann./fargeann. etter avtale



Stort forsidebilde

Julemarknad 2009 - sjå s. 7

Foto: Elisabet Taraldlien



RDFØRAREN RDET

Kjære sambygding

Kalender

For tredje året på rad er Boknakalenderen sendt ut med novemberutgåva av Bygdabladet. Dette er samstundes ei stadfesting på at tradisjonen med ein lokalprodusert kalender er i ferd med å setja seg. Tilbakemeldingane har vore gode og det ser ut for at kalenderen blir brukt i stor utstrekning – både i heimane og på arbeidsplassane. Kalenderen er med på å bygga opp om den lokale identiteten, og er meint å vera ein kilde til inspirasjon for dei som ynskjer å ta i bruk den flotte boknanaturen.

Eg meiner årets kalender har teke steget opp eit nivå takka vera dyktige hobbyfotografar som har sendt inn sine bidrag til redaksjonen. Bileta i kalenderen held eit høgt teknisk nivå, samstundes som fotografane har hatt evna til å fanga motiva på ein slik måte at dei skapar undring og begeistring. Mange vil nok spørje seg om bileta verkeleg er tekne på Bokn.

Temaet for Boknakalenderen 2010 er natur og dyreliv gjennom årstidene. Kvar måned har i tillegg fått fylgje av ein matoppskrift med lokal tilknytning. Utforminga er noko endra i høve til 2009. Sjølvé kalendariet er tona ein del ned, mens bileta i større grad er framheva.

Eg håpar kalenderen fell i smak og eg vil samstundes oppmøda lesarane om å bidra med sine blinkskot frå Bokn til 2011-kalenderen.

Rogfast

Prosjektertinga av Rogaland fastlands-samband – Rogfast – pågår for fullt i fylket, kommunen og hjá Statens vegvesen. Kommunedelplanane i dei berørte kommunane Randaberg og Kvitsøy er nett vedtekne, og etter planen blir saka lagt fram for kommunestyret i Bokn på det fyrste møtet i 2010.

Bokn har fått aksept for sine krav hjá vegmyndene om eit eige kryss på Are og oppgradering av krysset i Knarholmen til planfritt kryss. Samstundes pågår det ein dialog mellom fylket og Statens vegvesen og Bokn kommune om punktet som omhandlar risiko- og sårbarleksanalyse på den framtidige E39-traséen over Bokn. Den framtidige trafikkauken vil representera ein heil del ulemper og utfordringar for boknasamfunnet, slik som til dømes eit meir samansett ulukkesbilete og støyproblem.

Bokn kommune meinar det er vesentleg at kostnadane knytt til utbetrings-tiltak på strekninga Arsvågen-Mjåsund blir kjent før politikarane før finansieringa av prosjektet er på plass. Desse kostnadane bør kome inn i Rogfast-budsjettet, og ikkje i samband med reguleringsplanarbeidet – noko som erfaringmessig vil vera mindre forpliktande.

Aktuelle utbetringsstiltak er til dømes midtrekkverk, breiare vegbane, støyskjerming, veglys, kryssutbetring på Austre Bokn og Ognøy. Dette er viktige trafikksikringsmoment, ikkje berre for boknarane, men for alle som

kjører på E39 gjennom Bokn. Eg er innstilt på å finne ei minneleg løysing på desse spørsmåla saman med Statens vegvesen og Rogaland fylkeskommune slik at også Bokn kan få vedteke sin kommunedelplan.

Svineinfluenta

Bokn kommune har kome godt i gang med vaksinering i samband med den såkalla svineinfluensaen og har til nå vaksinert i overkant av 50% av befolkninga. Ein er nå ferdig med risiko-gruppene og svinebøndene, og i veke 45 fekk Bokn kommune tilbake 200 dosar frå Tysvær kommune. I den samanhengen blei delar av den friske befolkninga vaksinert, mellom anna barnehagen, skulen og dei opp til 30 år. Dei resterande vaksinane blei brukt til øvrige interesserte.

Sjølvé gjennomføringa av dei organiserte vaksinasjonsdagane har gått bra. Boknarane har vore flinke til å møte opp når dei skulle, samstundes som få personar har blitt avvist på grunn av mangel på vaksinar eller kapasitet. Stemminga har vore god på venterommet, der det blei servert kaffi og ein fekk høve til å slå av ein prat med naboen.

Det er i skrivande stund uklart når Bokn får tilsendt nye forsyningar med vaksine frå sentral helsemynde, men ein reknar med å motta 500 nye dosar før jul. Gå inn på www.bokn.no for oppdatert informasjon om vaksinasjon.

Ordføraren

Turboen i gong

Jardar Havikbotn

Haugaland Turbonett AS har sett opp hovudsendar på Alvestad, og dei første boknarane har fått høg-hastighets internettaksess frå Førresfjorden.

I augustutgåva av Bygdabladet stod det om den lokale breibandsleverandøren som ynskjer å bygga ut eit trådlaust nettverk i Bokn.

Dagleg leiari Nils Kåre Jørmeland fortel at han til nå har hatt kontakt med omlag 20 potensielle kunder, og har skrive kontrakt med 13 av dei.


Radiomasta hjå Knut Helge Furseth på Alvestad har link (samband) frå Førresfjorden. Sendaren står høgt og er godt synleg for mange husstandar. Det er også ein nyoppsett sendar på eit hus rett sør for bedehuset på Austre Bokn. På denne måten skal turbonettet byggast ut i kommunen.

Breibandsleverandøren har også avtalar med folk både i Våga og i Arsvågen, og vil bygga seg utover. Han snakkar om dagens sendar med rekkevidde på 3 mil og ekstreme framtidige sendarar som kan senda heile 5 mil, og har god tru på utbygginga i Bokn.

Mottakarantenne

- Det viktigaste nå er å få inn kundene på dei sendarane som er sett opp til nå, seier Jørmeland, og nemner at nokon byrjar å bli utolmodige.

Ei mottakarantenne på huset som går



Dagleg leiari i Haugaland Turbonett AS, Nils Kåre Jørmeland, med husantenne i handa og hovudsendaren på Alvestad i bakgrunnen.

inn til ein router er det som skal til. Han har fleire antennetypar, men folk velger ei som er klargjort for framtida. Inkludert montering og moms kostar dette kundene 2.600 kr

- Kundene er på nett eit par timer etter at eg begynner å montera, kjem det frå Jørmeland, som legg til at det vil vera ein inn-køyringssperiode på alt frå ei veke til to månader, der nettet kan detta ut i korte periodar.

Kraft, fart og prisgaranti
Og det manglar ikkje på kraft og fart. Innan våren 2010 blir det

levert ein ny link-teknologi som gjer at dei vil køyra rundt 100 Mbit til Bokn. Då vil kapasiteten inn til sendarane bli ekstrem, noko som vil betyr at Haugaland Turbonett AS i framtida vil kunna levera over 10 Mbit til kunder som vil ha behov for det, t.d. bedriftar.

Den daglege leiaren garanterer at dei låge prisane hans ikkje vil stiga neste år.

- Det går vel heller andre veien, avsluttar Nils Kåre Jørmeland med eit smil.

KUNSTKAFE` I BOKN BARNEHAGE

Silje Gismarvik



Borna er samla til ein liten songframsyning for tilhørarane

Tysdag 27.10.09

hadde me kunstkafe` i barnehagen. Barna hadde laga ulik kunst som blei seld til foreldra.

Bokn Bruse hadde laga flotte steintroll medan Småtroll hadde mala på fliser.

I tillegg laga personalet lapskaus med gele til dessert som vart solgt. Me hadde også loddsalg. Inntektene frå kunstkafeen gjekk i år til Redd Barna.

Me fekk inn heile 6200 kr.

Tusen takk til **High Comp, Grieg Seafood, Coop, Sr-Bank,**



Born og foreldre kosar seg med lapskaus og gele



Noko av den flotte kunsten til borna

Arsvågen Kafè, Monter, Kjellaug og Svein Skår, og foreldre for flotte gevinster.



POTETOPPTAKING

Silje Gismarvik



Borna aktive med å finne poteter av ulike former

Me fekk være med til Ingunn og Anbjørn Sunde sin potetåker og ta opp poteter ein flott haustdag seint i oktober.

Det var ei gruppe barn som fekk vera med i åkeren. Dei sprang rundt i åkeren og leita etter "snåle"

fasonger på potetene, det blei ein rein konkurransه blant barna... Her fekk me sjå korleis potetene "klarte å komma seg opp" av jorda, og videre korleis dei blei sortert.



Lunsj i det fri

Me kosta mold av hendene og tok lunsjen i åkeren. Takk for ei flott oppleving i åkeren.

Hilsen oss i Bokn Barnehage



POTETKAKER/FLATBRØD

Silje Gismarvik



Ingebjørg t.v. Og Bjørg i full gong med baking, med god hjelp frå flinke born

Me i barnehagen fekk komma til Ingebjørg Alvestad og være med å bake potekaker og flatbrød.

Ho fekk og hjelp av Bjørg Bokneberg .

Me hadde to flotte dagar i krojen kor me fekk være med å kjevle og steike.

Det var førskulegruppa som fekk være med på denne aktiviteten, og dei syntest dette var "toppers" å være med på.

Det var laga fint til i kjellaren, og lunsjen vår gjekk

ned på høykant.

Ungane kom tilbake i barnehagen og viste stolt fram det dei hadde laga.

Me takkar for at me fekk lov å komma ☺

Hilsen oss i Bokn Barnehage



Lunsj i kjellaren hjå Ingebjørg og Steinar

Fekk vernepris

Jardar Havikbotn



Johanne Louise og Jacob Th. Larsen foran "Bygningen".

Fredag 13. november mottok Jacob Th. Larsen Rogaland Fortidsminneforening sin vernepris for 2009, for godt gjennomført vedlikehald og bevaringsarbeid på det gamle våningshuset på Kro gard.

- Vi har jo forsøkt å ta vare på dette, men å få en sånn anerkjennelse og en sånn oppmuntring, det er stort, og det er vi fryktelig glad for.

Dette sa ein overraska, men svært glad prisvinnar etter at Grete Holmboe og Lars Tveit frå Diplomhuskomiteen i Fortidsminneforeningen hadde fortalt kvifor verneprisen gjekk til "Bygningen" i Kro.

Leiar i Rogaland Fortidsminneforening, Hans Dybvad Olesen, overrakte prisen; eit diplom, ein pengesjekk på 10.000 kr., ein plankett til å skru utanpå huset, samt blomar.

Grunngjevinga frå Fortidsminneforeningen:

"BYGNINGEN" PÅ KRO GÅRD

Våningshuset "bygningen" er en del av et større anlegg som også består av driftsbygning og sjøhus.

Dette var i sin tid en storgård som også var base for fiskeri og rederivirksomhet.

Alle de tre bygningene er oppført omrent på samme tid og fremdeles godt bevart.

Driftsbygningen og sjøhuset har de siste årene gjennomgått en skånsom tilpasning til ny næringsvirksomhet.

"Bygningen" er oppført i 1847 av oldefaren til dagens eier. Den skal være en etterligning av slottsarkitekt Linstow

Bokn kommune stilte med underteikna og ordføraren. Etter prisutdelinga i daglegstua, venta kaffi med eplekake og skillingsboller i spisestua. 1. etasje har også ei tredje stue, bestestua. Ordførar Kyrre Lindanger har alltid syntset at herskapshuset i Kro har vore ei perle i kommunen, og sa m.a. i helsingstalen sin at kommunen ynskjer å kunna bruka huset i marknadsføring og i reiselivssamanhang, og viste til at "Bygningen" også er omtalt i bøker fra Rogaland.

Inspirasjon

Jacob Th. Larsen sa også at prisen gav inspirasjon til å gjera endå meir.

- Det er flere detaljer i huset som vi har lyst å gjøre noe med. I kjelleren er det for eksempel en svær bakerovn som vi burde få i stand, fortel haugsundaren som har budd det meste av livet sitt i Bergen.

Larsen, som er historikar og som m.a. har skrive

bygdebok for Fana kommune, drog også fram at dei har veldig god hjelp til å ta vare på huset.

Naboene, svigerinna Kari Christensen og bror Olav Larsen, passar på, og viss det er noko går dei bort og tar eit tak. Han er også glad for at barna har sett verdien av å ta vare på huset, og er med på dette.

- Dette er viktige grunner til at huset er slik det er i dag, og vi håper det vil være slik lenge, avsluttar ein glad prisvinnar.

Bygdabladet gratulerer!

Desse personane var med i Diplomhuskomiteen 2009:

Antikvar ved Ryfylkemuseet, Grete Holmboe

Kommuneantikvar i Karmøy, Lars Tveit
Byantikvar i Sandnes, Mette Paavola
Museumsbestyrar i Lund, Per Chr. Salvesen



Jacob Th. Larsen mottok Rogaland Fortidsminneforening sin vernepris 2009 av leiar Hans Dybvad Olesen.

sine prestegårdsbygninger i Tysvær og Lyngdal.

I 1920 ble det gjennomført en større modernisering av huset. På grunn av råteskader og lekkasjer i taket ble arket mot vest tatt bort og de opprinnelige teglpannene ble erstattet med skifer.

Kledningen på de mest værutsatte veggene ble fornyet, noen krysspost vinduer kom inn, og inngangspartiene fikk nye "moderne" dører.

En del av interiøret ble også modernisert, men her er likevel store deler av opprinnelige detaljer, innredning og inventar bevart.

Etter dette er det ikke utført nevneværdige endringer på huset, og det

fremstår i dag som en flott representant for vår lokale mer velstående byggestil og materialbruk i 1840 og 1920 årene.

Dagens eier overtok i 1974. Han har vist stor forståelse og respekt for bygningens historiske og antikvariske verdi.

På grunn av manglende vedlikehold gjennom mange år var forfallet i ferd med å få fotfeste, og det var nødvendig å foreta en del utbedringer og reparasjoner.

Dette er imidlertid gjort på en forbilledlig og respektfull måte, og diplomhuskomiteen ønsker og verdsette dette med å tildele **"Bygningen"** på Kro Gård og eier Jacob Th.

Larsen Rogaland Fortidsminneforening sin vernepris for 2009.



Rørande morgen

Elisabet Taraldlien



Måndag 9. november blei spesiell for rektor Ingjerd Ellingsen.



Bilde over og under: overrekking av blomar og kort i gymsalen på Bokn skule



Tysdag 10. november har ho bursdag, og fyller 60 år. Det blei markert med at alle elevane og alle tilsette møtte opp i gymsalen måndags morgen klokka halv ni.

Lærar Brit Opsal henta rektor inn i ein mørklagd sal, og då lyset blei slått på, song alle bursdagssongar til ei svært rørt Ingjerd.

Kvar klasse hadde to elevar som kom fram, ein elev med ei langstilka raud rose, og den andre eleven med eit kort frå sin klasse.

Rektor held ein liten tale, der ho takka så mykje og fortalte at ho var temmeleg overraska! Dei hadde vore flinke som hadde klart å halde dette hemmeleg for henne!

Tysdag, på dagen hennar, skal ho vere heime, og difor måtte dagen markerast denne måndagen.

**Gratulerer så mykje rektor!
Helsing Bokn skule med alle
tilsette og elevar**

Håpar på opning i januar

Jardar Havikbotn



Ekteparet på Krovågen Hestesenter er svært nögde med ridehallen.

Ridehallen hjå Kari Christensen og Olav Larsen på Krovågen Hestesenter mangler no berre lys utvendig og klatrevegg innvendig.

Klatreveggen er for tida ute på anbud. Dei håpar på offisiell opning med kake,

musikk, klatring og hest utpå nyåret.

Hesteentusiastane er svært nögde med hallen, og det har dei også god grunn til. Trekledning gir eit estetisk uttrykk både ute og inne. Med stålplater hadde det blitt mykje meir lyd inne i hallen, som førvrig ligg fint i landskapet.

I taket er det eternittplater utan asbest, og dei er utstyrt slik at det ikkje drypp frå taket i den uisolerte hallen, som måler 18x25 m.

- Her er det plass for kreative arrangementer framover, seier Kari Christensen.



Klatreveggen skal opp på austreveggen, fortel Olav Larsen og Kari Christensen.

Julemarknad 2009 på Coop Marked Bokn

Elisabet Taraldlien



Mange tilhørarar til framføringa av julesongar

Laurdag 21. november var det igjen duka for eit koseleg møte med sambygdingar på Handelslaget.

Niande klasse frå Bokn skule sytte for ei god kaffilukt og mange gode kakedufter. Dei hadde den koselege kafeen sin ope, og det var eit sers godt utval for ein kakemons!



9. Klasse sitt sal av mykje godt å spise

Det var fleire "stands", der ein kunne kjøpe både klede, julekort og stoff til å sy ting av. Litt av julebaksten blei og berga, med smultringar frå Sola.

Handelslaget stilte med gode tilbod i butikken, og hadde liketil ein gratis is til dei ungane som hadde laga juleteikning til "juleveggen".

Det blei og delt ut gratis lodd, og alle som var med under trekninga,



"Søstrene Grønnestad, med "medhjelparen" på sida

"Søstrene Grønnestad" gav tilhøyrarane ei koseleg stund med julesongar, og med seg hadde dei den sötaste medhjelpar ein kan tenkje seg.

Nissefar møtte opp sjølvsagt, og han hadde med seg ein sjokoladegodbit til alle.

Mange hadde møtt opp for å få med seg denne koselege marknaden, praten gjekk lett og låttane var mange. Vel blåst!

vant til dømes luer, skjerf, vaffeljern, twist og kaffi...
Kjekke premiar!



Nissefar delte ut godteri til alle

Moves, bounce & attitude!

Jardar Havikbotn



Siri Nesse på scenen instruerer ivrige kursdeltakarar. Foto: Terje Riber

Det handla om rørsle; gynging og spretting og rette haldninga på Hip Hop/Streetdance-kurset i gym-salen 21. og 22. november.

25 stk. frå 10 år og oppover, derav fem vaksne, fekk ei innføring i dansestilarten Streetdance frå Hip Hop-kulturen. Kurset gjekk over fem timer, og instruktør Siri Nesse sørga for ei innføring i grunnelementa i danse-typen. Ho viste også deltakarane

korleis ein kunne setta saman dei ulike rørslene til ein samanhengande dans.

Det handla litt om å finna haldninga si, føla seg fri og sleppa seg laus. Rett og slett leika og tulla litt. Her var også innslag frå Michael Jackson si danseverd, og danseløvene fekk prøva seg på dansen/koreografien til "Månenmannen", som "Team Hanne" fyrste gong framførte i "Det store korslaget" på TV2. Skaparen av all koreografien til "Team Hanne" hadde denne gongen forflytta seg til scenen på Bokn skule.

Den travle dama er til dagleg instruktør på eit treningsstudio i Haugesund og danselærar ved Karmøy kulturskole. Ho blir også leid inn til ulike revyar/theater rundt om i distriktet.

Sire Nesse sa etter kurset at ho hadde likt seg og at deltakarane var flinke. Oppleget, der ho hadde ei utfordring med aldersspredninga, frista til gjentaking.

Og det håpar også kulturskuleleiaren Anne Tove Øvrebø og underteikna, og sjølvsagt deltakarane. For folk, særleg ungdomsskuleelevar, spurde om vidare kurs og om å starta grupper.

Kulturskuleiaren vil satsa på kurs framover, fleire typar kurs. Ho jobbar også med å finna instruktør(ar) til alle som er interesserte i å spela gitar.

- Eg håpar at alt kjem på plass slik at me kan starta med dette rett over jul, avsluttar Anne Tove Øvrebø.

Kulturkalenderen

Endringar sidan sist/nye arr. er **utheva**

November

- 27. Kino i Auditoriet
- 29. Julegrantenning kl. 16.00 - arr. Bokn Røde Kors
- 29. Gudsteneste kl. 19.00
- Lysmesse med speidarprosesjon

Desember

- 06. Bokn sundagsskule kl. 10:30
- 07. Bibellesing på bedehuset kl. 19.00
- 08. Speidarane sin grautfest/juleavslutning på skulen kl. 18:00
- 8. Formannskapsmøte
(dersom det er saker)
- 11. Kino i Auditoriet
- 13. Gudsteneste kl. 11.00
- 13. Luciafest - arr. Bokn musikkorps
- 15. Kommunestyremøte
- 20. Juletrefest på bedehuset kl. 15.00
Arr: Sundagsskulen og Speidaren
- 21. Julekonsert i Bokn kyrkje
m/bl.a. Haugesund Vokalensemble og Bokn barnakor
- 24. Gudsteneste kl. 14.00
- 26. Gudsteneste kl. 11.00
- 28. Juletrefest (familiefest) på bedehuset kl. 17.00
Arr.: Frelsesarmeens og bedehusstyret
- 31. Gudsteneste kl. 16.00

Gratulerer!

Bygdabladet presenterer små og store jubilantar, både her i papirversjonen og på bokn.no



Johan Rossebø

Vi gratulerer Johan med 9 års dagen 25. november

Hilsen Sofie, mor og far



Eskil Bokneberg 5 år 15. november

Gratulerer så masse med dagen.

Kos og klem fra Celia, Julie, far og mamma



Terje Ognøy, 12. november

Gratulerer med dagen, Besten Terje!

Hilsen Sander og Steffen

Bygdabladet for 20 år sidan

NR. 9 1989

AUSTRE BOKN ER LANDFAST KAN KJØRA DIREKTE TIL HAUGESUND FØR JUL

Ognasundet bru vart støypt saman den 5. oktober. Det står att oppsetjing av rekkverk.

Brua ser ut til å bli ferdig i god tid før kontraktsdatoen som er 23. desember i år.

Vegen over Austre Bokn er ferdig asfaltert. Arbeid med lys i tunnelen er i gang, og deretter skal det leggast asfalt. Tunnelen skal malast kvit dei første 2 m. opp frå kjørebanen.

Boknasundet bru er under arbeid, og landkar i akse 1 (Austre Bokn) er ferdig støypt. Det same er søyle i akse 2. arbeid i samband med førebuing til støyping av sjølve brua pågår, og det er under arbeid ein slags "taubane" over sundet.

Til søyle på vestsida er arbeidet i gong med å bora foringsrøyr ned i fjell. Massive stålpelar skal deretter gyses fast inne i foringsrøyra. Rundt øverste del av pelane skal det så støypast ei betongplate som skal vera fundament for søyla.

VEG OVER VESTRE BOKN

Vegen er asfaltert frå Alvestadkroken til Industrivegen ved Knarholmen. Arbeidet med støyvollar og skjermar i Alvestadkroken er ferdig. Industrivegen bru starta 9. oktober.

ARSVÅGEN FERJELEIE OG MOLO

Utforming av ferjeleie og oppstillingssplassar er klart. Konsulent er i gang med å laga anbudsgrunnlag for bl. a. betongkonstruksjonar og ferjeleimar.

FRAMDRIFTSPLAN

Det ser ut for at strekninga frå Sussort til Boknasundet kan opnast for trafikk rundt midten av desember.

Bru over Boknasundet er planlagt ferdig til 1. oktober 1990. Heile prosjektet med ferjeleie og veg til Arsvågen vil sannsynlegvis stå ferdig 1. juni 1991.

Gymsal, kveld

DAG	AKTIVITET	KL.	ANSVARLEG
Mån	Danseskule Fotball G10/11 Bokn skulekorps Bokn Brass/RH	14.15 - 16.45 16.45 - 18.00 18.00 - 20.00 20.00 - 22.00	Wendy Riber Cliff Olaussen Grete E. Yrke J. Havikbotn
Tys	Danseskule Barnetrim Friskis & Svettis	14.15 - 16.45 16.45 - 17.45 19.30 - 20.30	Wendy Riber C.B. Knutsen Anne L. Faye
Ons	Danseskule Fotball G9 Fotball J12	13.45 - 17.00 17.00 - 18.15 18.15 - 19.30	Wendy Riber Roger Jøsang Sonja Mikkelsen
Tor	Friskis & svettis Volleyball, ungdom Volleyball, vaksne	18.00 - 19.00 * 19.00 - 20.00 20.00 - 22.00	Anne L. Faye Rita Bokneberg Rita Bokneberg

* Frå januar 2010



Kino



27. November kl. 18:00 SE OPP (Norske stemmer) 7 år

Fra Disney/Pixar kommer nå "Se Opp" - en eventyrkomedie om den 78 år gamle selgeren Carl Fredricksen som endelig virkelig gjør sin livslange drøm når han fester tusenvis av ballonger til huset sitt og flyr inn i Sør-Amerikas villmark.



27. November kl. 20:00 THE PROPOSAL

Når den energiske forlagskonsulenten Margaret (SANDRA BULLOCK) risikerer å bli utvist til hjemlandet Canada, erklærer den snartekne sjefen at hun egentlig er forlovet med den undervurderte og intetanende assistenten Andrew (RYAN REYNOLDS), som hun har plaget i årevis.



11. Desember kl. 18:00 JULENATT I BLÅFJELL, 7 år

Nå kommer blånnissene til det store lerretet i et eventyr spekket med humor, drama, vennskap og varme. TV-seriene og teaterstykket var en forsmak; nå blir det neglebitende spenning i en spektakulær historie om blåsølvet og trussel om evig natt. Langt borte i det snødekte Blåfjell, bor et folk som heter Blånnissene og bland dem en liten blånisse-prinsesse som er redd for alt.



11. Desember kl. 20:00 VEGAS, 11 år

Tro, hat og kjærlighet. Du velger ikke familien din. Du velger vennene dine.

Songar & tekstar frå Bokn

I forrige blad presenterte me JUBILEUMSSALMEN av Olaug Hognaland.

Denne gong er det klart for **BOKEN av Olaf Sigurd Nedrebø**.

Olaf Sigurd Øvrebø, 1895 – 1958 var bror til Bjarne Nedrebø, bestefaren til Trond Nedrebø, som bur på Nerabø i dag.

Olaf Sigurd emigrerte til Amerika, og diktet er skrive i Chicago Illinois. Trond kan opplysa om at Olaf Sigurd var på besøk på Nerabø året før han døydde.

Akkurat som i diktet "Lyngblomsten" av Lina Buckneberg, som også reiste til USA, er dette 15 vers-diktet prega av heim-lengsel.

Det siste verset seier det meste om det, der vemodstårene kjem fram.

Antal verselinjer varierer, og diktet kan ikkje knyttast til nokon bestemt melodi.

- redaktøren -



1. Øerne Boken ligger lige ved Nordsjøens rand,
Iser i syd og vester tuter og bryter havet med dur og sang.
Ingen kan her finde skjønhed som ei forstaar havets klang,
kun de som hørte dens brusen i stuen en vuggesang.
 2. Om du vil sjøfuglen se, kom da i dag og ver med,
Her paa de yderste nøkne klipper Skarve og Lommen sitter
Den fra havbruset fik saadan underbar stemme,
Om kvelden dens sang du ei lett kan glemme.
 3. Lidt inde paa øen man finder, speilklare vand og birkeskov.
Her hører vi fuglene kvidre sin elskovssang i fra knauser og trang.
I lunden bygger sit rede,
det gav oss fra barndommens naturens fredfulle glæde.
 4. Endnu lidt lengre til Kirken vi maa,
Tett under Buknafjellet hvitmalt den staar.
Nu kommer tanker saa stille frem,
Her hviler fædres fra alles vaare hjem
Mangen en gravhøjd er helt slettet du
legeme til støv, men sjelen til Gud.
 5. Sett dig nu ned og hvil dig du,
Lukk saa dit øie og tal til Gud,
De ord som nu kommer frem er fra hjertets dyb fra dit inderste vell.
Har du holdt de løfte du gav Ham den dag?
Eller spilet dit liv i syndens behag?
 6. Guds ord staar fast og lærer saa,
at vi alle en dag til reinskab skal staa.
Er det vel med din skjel? Har du fred i Gud,
Har blodet dig renset din synd slettet ud?
Da venter dig kronen og hvitkledt skrud.
 7. Lad os nu opp paa hauen gaa,
Her staar ein Bautastein reist til de faa,
Asbjørn Kloster var hans navn,
Han kjempet og vandt til vaars alles gavn.
Vi nu ham mindes som Bokens sør,
Æren er stor men støre hans løn.
 8. Nu maa vi skynde paa; helt til Våge skal vi gaa,
Foresvik kai med livlig handel.
Hvidmalte huser bort etter stranden,
her de gamle har sit hjem, lunt og fredfullt i bakken ligger.
Her de stelles her de kledes og i livets kveld de nu glædes.
 9. Nu i baaten maa vi gaa, stor begeistring er at faa for en bokens sør.
Kjente steder kommer frem vi kan aldri glemme dem,
Taa og Tvimel Gongstø Tresberg Taaganes Svartaskjær
og Fyren sør i sonne.
 10. Mens vi ror der kommer frem minder i fra barndommen.
Her en speilklar sommerdag fandt min bror en tidlig grav.
Aldrig fandt vi ham igjen, Nede i dybet var han gjemt,
men hos Gud han er ei glemt.
 11. Aarerne vi legger ind nu vil graaten ta mit sind.
Her som barn vi sprang lekte danse lo og sang.
Her jeg kjænder kvar ein stein kvar ein haug og kvar ei rein
Husmanstaave Solkronaa og Tree
Ja endog gamla vashjulet maa med.
 12. Nedrebø Øvrebø og Kro er på austre Boken;
Ognø og Tysvær er og samma soknaa
Over heien nu vi drage, vakreste lyngblomst blant sten og Brage.
Holmen og lier kan du nu se,
Der ligger Vaage i aftenens fred.
 13. Vaar reise til Boken er nu fulendt,
Steder er nevnt, men ingen er glemt
Hvad jeg her har forsøget at bringe frem,
er den arv vi tog med os, fra den vildeste hav
til det luneste hjem.
 14. Luk saa øjet dit en stund, Lad der komme frem en bøn
Først til Gud og saa til Fædre som dig gav et hjem her nede.
Tak for Far og tak for mor Tak til Syster og til Bror.
 15. Minder har nu sprunget frem fra vaar barndom og vaart hjem,
Er der nogen pladse paa Jorden, slik som hjemmet vaart i Norden?
Vemodstaaren triller ned. Aldrig fandt vi saadan fred.
- Chicago Illinois den 2en October 1939.**
Olaf Sigurd Nedrebø

Kjæledyret mitt

Pondus & Polly

Malena Hognaland

Heei, eg heiter Pondus og er ein 7 månader gammal hannkatt som bur i Vigjå saman med halvsystera mi Polly, som er 3 månader gammal. Det er Malena og Torgils som passar på oss.

Eg visste ikke heilt kva Polly ville med det fyrste ho kom til oss, eg blei "øvegidde" og ganske nysgjerrig på henne!. Eg sloss litt med henne med det same, men så gjekk det seg til. Nå er me veldig gode venner og leikar mykje saman.

Eg er ganske stolt av Polly og passar godt på henne. Av og til trur Polly at eg er mammaen hennar. Då ligg ho med magen min og pattar og trur det skal komme melk ut!?

Det bur ein dverghamster og her i huset som eg har voldsomt lyst å "leike" med, men den bur så fryktelig høgt under taket. Rart i grunnen, for før var ho på benken



så eg kunne hoppe opp og kikke og lukte på ho.

Noko av det kjekkaste eg veit er å fange mus. Eg har fanga fleire mus, til og med ei svær rotte som eg skubba inn døra når Malena opna til meg. Og gjett om dei skvatt!! Etterpå fekk eg skryt!?

Malena tok meg rett oppi badekaret etterpå og gav meg ein

skikkelig "kattevask", og det skjønte eg ingenting av...

Eg trur at Polly også kjem til å bli ein fin katt som blir flink til å fange mus!

Men nå må eg ut og sjå om eg finn fleire mus.

Så, ha'det bra, og ein liten ha'det klem fra Polly og.



Neste gong skal Sylvia Marlene Vatnaland skriva om hunden sin Akira.



Los

Eg e mitt i kavet eg robe på los
Kom å vis meg veien te trygge havn
Så komme tåkå tjukke som steikeos
Den trygge armkroken blir et stort savn

Los meg nå te livet los meg heim te deg
Det e så kaldt og stusselig livet ingen leg
Eg hørre ul i blinde liten og forlatt
Blir så våt i pelsen ein liten pusekatt

Gi meg trygge kursen mydlå bråt og skjær
Tau meg inn med line eg vil være nær
Hjerta ditt så banke og ditt åpne sinn
La havet roa nervå og gi meg flauv vind

Hjem te deg min kjære hjem te strålevarme
Eg vil gjømme strevet fjerna all min harme
Trygghet i din favn og glede til mitt blikk
Igjen i trygghet overlevde naturens siste
stikk

Kjetil Hamre

4.000 kroner i skattelette og bankens beste rente.

BSU er det beste sparetilbudet for deg under 34 år.

Du får både høy rente og skattefordeler. Spar inntil **20.000** kroner per år og trekk fra **20 %** av beløpet på skatten.

Bestill BSU i dag på www.sjef.no.



Bank. Sparing. Og deg.

SpareBank
SR-BANK



**Arsvågen Kro
& Gardsmat as**
KJØTT OG GARDSPRODUKTER
5561 BOKN

Julemesse

I tradisjonens tro
arrangerer vi julemesse

Søndag 29/11 i 2. etg. kl 11.00 – 16.00

Mange utstillere med varierte produkter.

Julebufe m/dessertbord og kaffe
serveres fra kl 12.00 -
pris kr. 180,- pr. pers.

Bordbestilling anbefales - 52 74 80 00



**KROVÅGEN
HESTESENTER**
5561 Bokn. Tlf. 91120801
www.kro-hest.no



Årets sprekeste presang –
gavekort på ridetime !

Julenisshjelper

På kunstnerhaugen kan vi tilby et bredt
utvalg presanger og julekort.

Fra A6 til A3 i størrelse
(A4 er vanlig ark til sammenligning).

Med mange flotte motiver fra Bokn og dikt til
ettertanke er det noe for enhver smak.

Bildediktene skrives ut på høykvalitetspapir
og med profesjonell skriver.

Du kan sette ditt eget preg på utskriften med å
endre skrifstype og layout til ditt eget ønske.

En personlig og orginal gave eller kort.

Vi har også noen få bøker igjen av de første
diktsamlingene om det skulle være ønskelig.

Ta kontakt på telefon 52748253/46800096,
eller ring på døren rett vest for Boknatun.

Julekort finnes også i butikken

Julehilsen fra Ina og Kjetil

VENNEKJØRING

Er du pensjonist/uføretrygda
og treng skyss til å komma
deg frå ein stad til ein
annan? - t.d. til lege, ulike
til-stelningar, handla på
butikken m.m.

Nokre pensjonistar ønsker å
vera tilgjengelege som
sjåførar, og desse har ei
vaktordning og ein mobiltlf.
til disposisjon.

For å avtala tid, ring dette
nr. -

94 14 47 35

Helst dagen før eller lengre
tid på førehand.

Dei som brukar tenesta
betaler til sjåføren -

- Kr. 3,50 pr. km + kr.
0,50,- pr. km for kvar
ekstra passasjer.
- Minstepris kr. 100,-





Funksjon	Namn	Tlf.	E-post
Ordførar	Kyrre Lindanger	52 75 25 03 - 91 67 17 26	kyrre.lindanger@bokn.kommune.no
Rådmann	Jan Erik Nygaard	52 75 25 01 - 98 22 15 01	jan.erik.nygaard@bokn.kommune.no
Økonomi			
Økonomisjef	Solrunn Alvestad	52 75 25 02 - 98 22 15 02	solrunn.alvestad@bokn.kommune.no
Rekneskapsansvarleg	Norunn Jordbrekk	52 75 25 07	norunn.jordbrekk@bokn.kommune.no
Skatteoppkrevjar	Lindy Haram	52 75 25 09	lindy.haram@bokn.kommune.no
IT			
IT-konsulent	Ture Kristiansen	52 75 25 20 - 99 09 53 14	ture.kristiansen@bokn.kommune.no
Servicetorg			
Servicetorgleiar	Gro Sørensen	52 75 25 10 - 98 22 15 00	gro.sorensen@bokn.kommune.no
Førstesekretær	Annette Bokneberg	52 75 25 11	annette.bokneberg@bokn.kommune.no
Helse, sosial, barnevern			
Seksjonssjef/barnevernleiar	Tore Bøe Olsen	52 75 25 34 - 98 22 15 03	tore.boe.olsen@bokn.kommune.no
Sjukestova		52 75 25 30	
Legekontor		52 75 25 40	
Kommuneoverlege	Dag-Helge Rønnevik	52 75 25 40	dag.helge.ronnevik@bokn.kommune.no
Sosialsjef	Reidar Alvestad	815 81 000	reidar.alvestad@bokn.kommune.no
Psykiatrisk sjukepleiar	Miriam Berland	52 75 25 36 - 40 41 05 70	miriam.berland@bokn.kommune.no
Psykiatrisk sjukepleiar	Grethe E. Heimvik	52 75 25 36 - 40 41 05 70	grethe.e.heimvik@bokn.kommune.no
Helsesøster	Henriette S. Lindanger	52 75 25 43 - 46 93 69 65	henriette.lindanger@bokn.kommune.no
Kultur, skule, barnehage			
Seksjonssjef	Dag Halvorsen	52 75 25 50 - 90 72 80 92	dag.halvorsen@bokn.kommune.no
Rektor	Ingjerd Ellingsen	52 75 25 51 - 98 22 15 11	ingjerd.ellingsen@bokn.kommune.no
Skulekontor	Annette Bokneberg	52 75 25 69	annette.bokneberg@bokn.kommune.no
Kultursjef	Jardar Havikbotn	52 75 25 08 - 98 22 15 08	jardar.havikbotn@bokn.kommune.no
Barnehagestyrar	Tone Børgesen	52 75 25 70	tone.borgesen@bokn.kommune.no
Biblioteksjef	Linda Ognøy	52 75 25 45	linda.ognoy@bokn.kommune.no
Barne- og ungdomsarbeidar	Elisabet Taraldlien	52 75 25 53 - 40 41 65 15	elisabet.taraldlien@bokn.kommune.no
Teknisk			
Seksjonssjef	Hans Faye	52 75 25 05 - 98 22 15 05	hans.faye@bokn.kommune.no
Kommuneingeniør	Unni Høivik	52 75 25 06 - 98 22 15 14	unni.hoivik@bokn.kommune.no
Post til Bokn kommune			post@bokn.kommune.no
Post til Bygdabladet for Bokn			post@bygdabladet.no

Div. tenester på Boknatur

BOKN LEGEKONTOR

Hver tirsdag og fredag samt torsdager i partallsuker.
Åpningstider 08 – 15.30.
Telefontider 08-11 og 13-14.
Telefon 52 75 25 40.

Ved behov for øyeblikkelig hjelp: Bokn Legevakt:
52 74 85 22 (hele døgnet).
Dr Rønnevik er på Bokn hver dag og kan ta imot øyeblikkelig hjelp dersom behov.
Ved livstruende tilstand: 113.

Timebestilling på internett eller SMS.
Se www.bokn.no for mer info.

Listen fylles opp, men det er fortsatt ledig kapasitet!

Dag-Helge Rønnevik - lege

HELSESØSTER

Helsestasjonen er open måndagar, onsdagar og fredager kl. 8-15.30 - Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 46 93 69 65

Henriette S. Lindanger - helsesøster

JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet mandag i oddetallsuker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61

Timebestilling: Ta kontakt på helsestasjonen!

Bodil Ljones Auestad - jordmor

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.
52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

Geir Austvik - fysiotapeut

BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag og fredag kl. 08.30 - 15.00 ved fysioterapirommet.

Enkelte laurdagar etter avtale.

Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.

For timebestilling
tlf. 52 74 84 79/99 70 74 28

Direkte nr.: 52 75 25 33

HEIMESIDE:
<http://sites.google.com/site/boknfotterapi/>

Rita Bokneberg - fotterapeut

DAGSENTERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00
Treng du skyss, blir du henta på døra.
Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.
Påmelding på tlf. 93 09 39 98

Mariann Skjelde - aktivitør

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag på Boknatur
kl. 9.00 – 12.00.
Direktenr. 52 75 25 13
Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.
Kan treffast på rádhuset i Tysvær andre vekedagar, tlf. 52 75 71 75

Bjørn Bruaset - jordbruksjef

NAV BOKN

 Kontortid kl. 9.00 – 14.30
Telefontid kl. 8.00 –

Kundesenteret: tlf. 815 81 000

Unn A. Mustaparta - leiar

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30– 15.00

Me kan t.d. hjelpe deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknasenn, krus, m.m.
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11

E-post: post@bokn.kommune.no

BOKN TANNKLINIKK

Kvar måndag kl. 08-15, førebels fram til august.

Tannklinikken opnar igjen etter ferien 20. august

Tlf. 52 75 25 80

Næringsliv

Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie - 909 24 964

Kjell Frode Lie - 907 83 797

Utleige av minigraver 2500 kg

Pris pr. dag kr. 800,- + moms.
Pris pr. veke kr. 4.000,- + moms.
Pris pr. dag kr. 100,- + moms
for leige av vridbar pusseskuffe.

Kontaktpersoner:

John Magne Lie - 909 24 964

Kjell Frode Lie - 907 83 797

FRISØRROMMET PÅ BOKNATUN

Mine åpningstider er tirsdag t.o.m. fredag kl. 09-16 i partallsuker.

Kan være fleksibel med åpningstidene i oddetalsuker.
Skal ha julekampanjer på mange gode produkter, fine julegavetips.

**Mvh.
Anita**

**99 32 55 34
52 74 85 34**

HÅRSMIA



Velkommen til Juleklipp hos Hårsmia

For kr. 25,- ekstra kommer jeg hjem til deg og klipper
Har salongen åpen hver dag og kveld fremover mot jul.

Tilbud - hver 5 klipp gratis

Gir råd og tips for de som ønsker å farge hjemme

Flotte Julegavetips og gavekort

God Jul ønskes fra Hårsmia

Send sms eller ring for bestilling

46442920
52748647

Hilsen Mona

Bokn bibliotek

Åpningstider:


Tysdag 09.00 - 13.30
Onsdag 16.00 - 19.00
Torsdag 09.00 - 13.30

Div. tenester på Boknatur

Stor oppleving!

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Wenche L. Havikbotn

18. november var Falkeid Jenter 10/11 år, med fire boknajenter på laget, maskottar for Haugaland Håndballklubb (HHK) sin elite-seriekamp mot Arendal.

heile kampen heldt dei på, og andre tilskodarar snudde seg fleire gonger for å beundra den kjempeflinke gjengen. Til og med speakeren gav dei skryt over høgtalaranlegget, og

At HHK ikkje hadde dagen og tapte 21-29 brydde handballjentene seg ikkje om. Dei hadde ein fantastisk kveld!



Sjølv om HHK tapte, stilte fleire av dei opp på lagbilde etter kampen.

Falkeid sitt lag (19 av 22 stk.), bak fv.: Jannicke Hetland, Mertilde Sørensen, Stine Askeland, Målfrid K. Øvrebø, Eline F. Øvrebo, Ida Havikbotn, Annelin Eide, Elise Lehman, Lise Lotte Håland, Ida Sofie Bakken, Stine Liknes, Aseline Heimdal. Framme fv. Olga Amalie Sharp, Marita Lindanger, Tyra Salhus, Benedicte Flengstad, Henriette Grotvik, Lene Høyvik, Hanna Borgen.

Det var gjennom lærar ved Bokn skule, Sandra Vestvik, at hendinga i Haraldshallen kom i stand. Eit guttelag hadde meldt forfall og Falkeidlaget sette stor pris på førespurnaden dei fekk.

Å vera maskot innebar at kvar enkelt spelar før kamstart sprang inn i den mørklagde hallen saman med ein spelar frå HHK, med lys frå ein følgespot. Det var stor stas! Etter presentasjonen sette dei seg på tildelt tribunepllass, for å oppleva - og ikkje minst heia.

Høgelytt heiagjeng

For det skulle visa seg at jentene var ein helt enorm heiagjeng. Gjennom

dei fekk stor applaus frå alle i hallen. Det var nok fleire såre struper dagen etterpå.

For gjengen frå Bokn/Tysvær var det veldig inspirerande å sjå på korleis eliteserielaga spelte handball. Forhåpentlegvis har dei tatt med seg ein del tips med seg heim.

Etter kampen fór jentene rundt og samla autografer. Den gjevaste signaturen var nok den til tidlegare landslagsspelar, Preben Vildalen, som spelte på Arendal.

Det blei ei svært minnerik oppleving for alle jentene og dei foreldra som var med.



Autografen til tidlegare landslags-spelar, Preben Vildalen, var svært populær. Her er det Eline F. Øvrebø og Ida Havikbotn som sikrar seg signaturen.